

HLF Akershus

Årsmøte 2011

HLF Akershus hadde Årsmøte 6. mars 2011, på Mastemyr . Det møtte deltakarar frå alle lokallag, styret, og andre tillitsvalde. Gjest frå HLF sentralt var; assisterande generalsekretær Anders Hegre. Skrivetolkar var; Børge Lien og Karen Olsen Isaksen.

Innkalling, sakliste og forretningsorden vart godkjende. Siri Thrane-Nielsen vart vald til dirigent; Magne Østerås til protokollsekretær; og Kåre Elvik og Grethe E. Molina til å skrive under protokoll.

Årsmelding og rekneskap for 2010, og årsplan og budsjett for 2011 vart framlagde og godkjente. Laget hadde hatt eit godt år med god aktivitet og ryddig økonomi.

Det var Innkomne forslag frå Øvre Romerike (om møtestad for møte og kurs),og frå styret (om statutter for tildeling av erkjentlegheitsgåver). Desse vart noterte og oversende styret til vidare vurdering.

Anders Hegre (HLF) ga ei grundig utgreiing om saker og problem som fylkeslag og lokallag kunne ta opp i valkampen, og korleis og når dette best kunne gjerast. Nokre forslag vart noterte og oversendt styret . Eit forslag om folkeopplysningskampanje om haldning til støy skal finpussast og sendast myndigheiter gjennom HLF sentralt.

Valnemnda hadde gjort godt arbeid og la fram bortimot fullstendig forslag, og resultatet av valet er:

Styre for 2011: Leiar Jakob Apeland, Ås, HLF Ytre Follo, nestleiar Siri Thrane-NielSen Nes, HLF Øvre Romerike, sekretær Einar Robinson ,Jessheim, HLF Midtre Romerike, styremedlemer Magne Østerås Ås, HLF Ytre Follo, Irene Svennevik Ås, HLF Ytre Follo, Wenche Valentinsen HLF Nittedal og Terje Willy Andersen, Eidsvoll, HLF Øvre Romerike. Kari-Ann Strømstad, Kløfta, HLF Midtre Romerike og Gunvor Blokkum , HLF Bærum vart valde til varamedlemer.

Fylkeskontaktar: Tinnitus: Brit Mari Edv. Sande, HLF Asker. Meniérè: Gunvor Blokkum , HLF Bærum. Døvbliitt/tunghørt: Inger S. Berg . HLF Asker Yrkesaktive: Sylvie Simonsen, Vestby, HLF Ytre Follo. Likemann HAB: Eva Bliksvær, Frogn, HLF Ytre Follo. Web-redaktør: Irene Svennevik, Ås, HLF Ytre Follo. Interessepolitisk: Oddvar Arntsen , HLF Asker. CI-opererte: Unni B. Hellehaugen, Oppegård, HLF Indre Follo. Foreldre/barn: Fylkeskontakt vart ikkje vald, og styret fekk fullmakt til å finne ein.

Ved slutten av møtet vart det delt ut kursbevis til dei som hadde vore med på eit medarbeidarkurs dagen før ; organisert av studieleiar Sylvie Simonsen Og Wenche Valentinsen. Der hadde Jakob Apeland innleia til samrøde om erstatningsordninga, registrering av brukarar av skrivetolk, hørslehemming og telefoni, likemann for høyreapparat brukarar og tilgjengelegheit for hørslehemma. Siri Thrane-Nielsen innleia til samrøde om fylkestings- og kommuneval til hausten ,og Einar Sunde Eliassen frå HLF Tinnitus- utvalet, heldt eit uttømmmande foredrag over støy og problem knytta til støy. Seks arbeidsgrupper leverte rapportar, som vart sende over til sekretariatet til vidare vurdering.

Ås, 8. mars 2011

Magne Østerås